



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2014/416	Løpenr. 5145/2015	Klassering 140
Sakshandsamar:	Signe Rønnestad Kanstad, Plan, utvikling, byggesak og geodata	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/15	Formannskapet	08.06.2015
49/15	Kommunestyret	18.06.2015

KRAV OM ENDRING AV NFFFA -OMRÅDE I KOMMUNEPLANEN - GRUNNEIGARAR OG ORGANISASJONAR I BRANDAL

/ 2014/416

Tilråding frå rådmannen:

Spørsmålet om endring av NFFFA-sona i kommuneplanen i Brandal til NFFF-område (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv) vert å vurdere ved neste rullering av kommuneplanen.

Formannskapet si handsaming:

Annika Brandal V, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet

Dag Audun Eliassen FL, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.

5 voterande

Annika Brandal vert samrøystes røysta gild

6 voterande

Dag Audun Eliassen vert samrøystes røysta gild

7 voterande

Annika Brandal V, fremja fylgjande endringsforslag:

Hareid formannskap vedtek å rullere arealdelen av kommuneplanen i det aktuelle området, med tanke på å endre frå NFFFA-område til NFFF-område.

Røysting:

Tilrådinga vart røysta opp mot endringsforslaget.
Endringsforslaget vedteke med 5 røyster for – 2 røyster mot

Vedtak:

Hareid formannskap vedtek å rullere arealdelen av kommuneplanen i det aktuelle området, med tanke på å endre frå NFFFA-område til NFFF-område.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	Dato
	Peder Josvald Brandal m.fl. – krav om omregulering av NFFFA-sjøområde i Brandal – til NFFF-område (natur, fiske ferdsel og friluftsliv) – Kommuneplanen	02.11.2014
	Brandal Båtlag – krav om omregulering mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFFA til NFFF – Årsmøtevedtak 13.04.2015	13.04.2015
	Brandal Idrettslag – krav om omregulering mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFFA til NFFF – Årsmøtevedtak 14.04.2015	14.04.2015
	Brandal Vel – årsmøtevedtak 29.04.2015, e-post	13.05.2015
	Gjeldande kommuneplan –kartutsnitt Brandal sentrum mot Kvitneset	

Samandrag av saka:

Grunneigarar langs Kvitnesvegen v/ Peder Josvald Brandal, Brandal Båtlag, Brandal Idrettslag og Brandal Vel har sendt inn krav til kommunen om endring av kommuneplanen for det som gjeld NFFFA-området i Brandal, der dei krev at området vert endra til NFFF- området Dette inneber at akvakulturføremålet skal takast ut av plan og sjøområde vere prioritert for dei øvrige interessene (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv). Det vert vist til kommunestyret sitt avslag på klagen frå Salmar Organic AS i samband med lokalitetsavklaring for akvakulturetablering på lokaliteten Brandal og fylkesmannen si avgjerd i klagesaka der kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta.

Saksopplysningar

Grunneigarar langs Kvitnesvegen, samt Brandal Båtlag, Brandal Idrettslag og Brandal Vel har kravd at kommunen omregulerer sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFFA til NFFF (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv). Dette inneber krav om endring av kommuneplanen der avsett lokalitet for fiskoppdrett (akvakultur) skal takast ut. I vedlagde skriv vert m.a. vist til reglane i plan- og bygningslova (pbl) § 11-17 om endring og oppheving av kommuneplanen som har slik ordlyd: «For endring og oppheving av planen gjelder same bestemmelser som for utarbeiding av ny plan. Kommunestyret kan delegera myndighet til å vedta mindre endringer i planen i samsvar med kommunelovens regler. Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, Jf. forøvrig § 1-9.»

Kopi av gjeldande kommuneplan som viser den aktuelle NFFFA-sona ligg ved. Dersom kommunen skal opne for ei endring av kommuneplanen no, må det først takast stilling til om endringa er så vesentleg at det må leggst opp ein planprosess som ved utarbeiding av ny plan, eller om endringa kan definerast som «ei mindre endring» og takast opp til handsaming etter ei avgrensa høyring slik det vert praktisert ved mindre endringa i reguleringsplanar.

Vurdering og konklusjon:

Kommuneplan for Hareid – Arealdel 2012-2024 er ein overordna langsiktig plan for forvaltning av areala både på land og sjø, innanfor kommunen sine grenser. Visjonar og hovudmål i kommuneplanen sin samfunnsdel (2006) er lagt til grunn i arealforvaltninga. I samband med førre rullering av arealdelen vart NFFFA-områda sjø reduserte og avgrensa til område med godkjende oppdrettslokalitetar. Dette også for lokaliteten Brandal. Administrasjonen meiner at kravet om å endre avsett NFFFA –område kommuneplanen i Brandal til NFFF-området ikkje kan definerast som mindre vesentleg.

Dispensasjonssaka som vert vist til i vedlagde krav om fjerning av lokaliteten for oppdrett i Brandal, var tufta på ei oppdrettsetablering som gjekk langt utover den avsette sona, og då i konflikt med interesser som var prioritert i kommuneplanen og gjennom lovverk. Sjølv om motstanden frå bygdefolk under denne saka var tydeleg på at dei ikkje ynskte den omsøkte etableringa i Brandal, meiner administrasjonen at kravet om fjerning av sona bør vurderast i eit langsiktig perspektiv, basert på ein samla konsensus om samfunnsutviklinga i Hareid, nedfelt i kommuneplanen. Dersom slik endring skal fremjast må det skje i samsvar med plan- og bygningslova sine reglar § 11- som ved ny planrullering.

I følgje kommunestyret sin vedtekne planstrategi for perioden 2012-2016, er samfunnsdelen satt opp til rullering i 2016. Ein vil i denne samanheng også kunne rullere arealdelen, m.a. gjere ei ny vurdering av endringar i kystsona i Brandal.

Rådmannen rår såleis til at spørsmålet om fjerne oppdrettslokaliteten Brandal ved å endre NFFFA- sona til NFFF-område ikkje vert imøtekome no, men bør vurderast i samband med rullering av kommuneplanen. Saka vert lagt fram for formannskapet med tilråding i samsvar med dette.

Folkehelse konsekvensar: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Hareid, 27.05.2015

Nils Yngve Nupen
fung. rådmann

Kai Rune Bjørke
leiar plan- og utviklingsavdelinga

Talsmann for underskrivarane
Peter Josvald Brandal
Kvitnesvegen 15
6062 Brandal

 HAREID KOMMUNE	
Saks.nr. PUA	Saksh. SKR
10 FEB 2014	
Saks.nr. 2013/638	Dok.nr.
Løpenr.:	Klass. U43

Brandal 10.feb.. 2014

Hareid kommune, Plan, utvikling, byggesaker, geodata
Rådhusplassen 5, 6060 Hareid

Vedk. omregulering av NFFFA-sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen

I arealdelen av gjeldande Kommuneplan er dette området regulert til akvakultur, NFFFA.

Som grunneigarar på landsida av den ovanfor nemnde strekninga , som bygdefolk og representantar for ålmenta sine interesser, krev vi med dette at det sjøområdet som i dag har status som NFFFA vert omregulert til natur, ferdsel, friluftsliv og fiske; NFFF.

Desse grunneigarane står med si underskrift bak dette brevet:

Johannes Alme, Asbjørg Brandal, Johan Ole Brandal, Sigvald Brandal, Peter Josvald Brandal, Ole Peder Brandal, Hans Petter Brandal, Jorunn Djupvik, Håkon Eliassen, Sigurd Eliassen, Krister Kjellevoid, Webjørn Landmark, Arne Lillebø, Arve Røyseth, Johan Veiseth Laura Aasmo.

Argument:

- a) På denne strekninga har fleire av våre eigedomar tidlegare vore nytta til næringsverksemd og er dag også areal som kan nyttast til det same. Det er uheldig og uakseptabelt med dårlegare tilkomst til naust og sjøbuder frå sjøsida, og eit alvorleg inngrep i tilfløts- og strandrett.
- b)Strekninga Brandal sentrum – Kvitneset er ein del av bygda Brandal med bustader og potensiale for nye bustader.
- c)Akvakultur i dette sjøområdet er til stor ulempe for livsmiljø, trivsel og helse for folk som bur her fast, eller har fritidsbustader her, pga støy frå trafikk, føringssystem og massiv forureining.
- d)Akvakultur i dette sjøområde sperrar bygda si einaste djupvasskai, ei kai og eit område som ligg nær Breisundet og skipsleia.
- e)At eit sjøområde er regulert til akvakultur her, ser vi som uttrykk for eit forelda syn på plassering av slik næringsverksemd. Anlegga blir i aukande grad plasserte nærare det opne havet. Der kan dei drivast kontinuerleg utan periodisk brakklegging pga av sjukdom og sediment på botnen.

f) NFFFA-området i Brandal er for lite til oppdrettsanlegg. Det viste perioden med torskeoppdrett til fulle. Både merder og fortøyingar må nødvendigvis kome utanfor og inn i NFFF-området, område for natur, ferdsel, friluftsliv og fiske slik søknaden frå SalMar viser.

g) Akvakultur i dette området er eit uakseptabelt inngrep både i ålmenta sin sedvaneforankra rett til bruk av sjøen til fiske og fri ferdsel og i rettane til berørte grunneigarar og oppsitjarar på land.

h) Dette sjøområdet er eit viktig rekreasjonsområde for heile kommunen. Folk har brukt området til fiske og rekreasjon til alle tider. Slik bør det også vere i framtida. Området ligg der klart til å brukast. I motsetning til positive aktivitetar som fotball og – friidrett krevst det her ingen kommunale anleggsmillionar.

For å summere opp:

Som grunneigarar slår vi fast at akvakultur i NFFFA-området i Brandal er eit totalt uakseptabelt inngrep både i vår tilfløts- og strandrett og i allemannsretten, det vil seie ålmenta sin rett til fri ferdsel, fritt fiske og fri naturoppleving.

Vi kan til ei viss grad forstå at det i si tid vart lagt inn eit NFFFA-område i Kommuneplanen sin arealdel i ei tid då akvakulturnæringa enno hadde ei viss lokal forankring og fordeler, mellom anna i form av lokale arbeidsplassar. Den tid er no forbi. No er det store til dels fleirnasjonale konsern som er aktørar. Distrikta sit att med ulempene medan fortienesta går andre stader. Og åra med torskeoppdrett har lært oss mykje om alle dei negative sidene slike anlegg har midt inne i ei bygd.

Alt dette er i korte trekk bakgrunnen for at vi krev at Hareid kommune omregulerer NFFFA-området i Brandal til NFFF, område for natur, ferdsel, friluftsliv og fiske.

Med helsing
Peter Josvald Brandal



Kopi:
ordføraren i Hareid
Hareid formannskap.

Vedlegg: underskrifter frå grunneigarane

Brandal Båtlag
v/Odd Arild Brandal
Brandalsvegen 3
6062 Brandal

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Krav om omregulering mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFA til NFFF

Grunneigarar og organisasjonar i Brandal ved Peter Josvald Brandal sende brev dagsett 2.11.2014 til Hareid kommune der ein bad om at sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen i Brandal vert omregulert til natur, ferdsel, friluftsliv og fiske: NFFF.

I brevet vert det vist til brev dagsett 10.02.14 der Hareid kommune vart oppmoda om ei slik omregulering. Hareid kommune viser i brev av 9.04.14 til brevet av 10.02.14 og opplyste at merknadene ville verte tekne opp i samband med «ny planstrategi» for perioden 2016-2020.

Den 2.11.2014 viste oppsitarane til § 11-17 i «Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71» og påpeika at kommunen er **lovpålagt å handsame kravet om omregulering.**

Hareid kommune ved Signe Rønnestad Kanstad svarer 28.11.2014 og konkluderer slik:

«Vi må såleis avvente fylkesmannen si handsaming av klagen frå SalMar før Dykkar krav kan takast opp til handsaming.»

Fylkesmannen gjorde endeleg vedtak i klagesaka 02.02.2015:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. Forvaltningslova §34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Hareid kommunes vedtak i FSK sak nr. 48/14.

«Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. Forvaltningslova § 28.»

Det har såleis gått over to månader sidan klagen frå SalMar vart endeleg avvist utan at Hareid kommune har følgd opp saka.


Årsmøtevedtak i Brandal Båtlag 13. april 2015:

Årsmøtet i Brandal Båtlag krev at Hareid kommune følgjer lovverket og utan vidare utsetjing handsamar kravet frå grunneigarar og organisasjonar i Brandal om omregulering av sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen til NFFF - slik det kjem fram i brevet dagsett 2. november 2014.

Brandal, 13. april 2014

Odd Arild Brandal

- leiar -



Brandal Idrettslag
v/ Erlend Kvalsvik
Bakkevegen 8
6062 Brandal

Hareid Kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Krav om omregulering mellom Brandal sentrum og Karlhaugen frå NFFA til NFFF

Grunneigarar og organisasjonar i Brandal ved Peter Josvald Brandal sende brev dagsett 2.11.2014 til Hareid kommune der ein bad om at sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen i Brandal vert omregulert til natur, ferdsel, friluftsliv og fiske: NFFF.

I brevet vert det vist til brev dagsett 10.02.14 der Hareid kommune vart oppmoda om ei slik omregulering. Hareid kommune viser i brev av 9.04.14 til brevet av 10.02.14 og opplyste at merknadene ville verte tekne opp i samband med «ny planstrategi» for perioden 2016-2020.

Den 2.11.2014 viste oppsittjarane til § 11-17 i «Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71» og påpeika at kommunen er **lovpålagd å handsame kravet om omregulering.**

Hareid kommune ved Signe Rønnestad Kanstad svarer 28.11.2014 og konkluderer slik:

«Vi må såleis avvente fylkesmannen si handsaming av klagen frå SalMar før Dykkar krav kan takast opp til handsaming.»

Fylkesmannen gjorde endeleg vedtak i klagesaka 02.02.2015:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. Forvaltningslova §34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Hareid kommunes vedtak i FSK sak nr. 48/14.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. Forvaltningslova § 28.»

Det har såleis gått over to månader sidan klagen frå SalMar vart endeleg avvist utan at Hareid kommune har følgt opp saka.

Framlegg til årsmøtevedtak i Brandal Idrettslag 14. april 2015:

Årsmøtet i Brandal Idrettslag krev at Hareid kommune følgjer lovverket og utan vidare utsetjing handsamar kravet frå grunneigarar og organisasjonar i Brandal om omregulering av sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen til NFFF - slik det kjem fram i brevet dagsett 2. november 2014.

Leder i Brandal idrettslag



Erlend Kvalsvik

Brandal Vel gjorde fylgjande vedtak på årsmøte onsdag 29. april 2015:

Årsmøtet i Brandal Velforeining krev at Hareid kommune følgjer lovverket og utan vidare utsetjing handsamar kravet frå grunneigarar og organisasjonar i Brandal om omregulering av sjøområdet mellom Brandal sentrum og Karlhaugen til NFFF.

Vi forventar med dette at Hareid kommune tek tak i saka.

Med helsing

Annika Brandal
leiar, Brandal Vel

Gældende kommunegren
 Kommunalt Brandtilsigt KØBHAVN
 Målestok 1:10000
 HAREID KOMMUNE